



Fylkesmannen i Hordaland

ELKJØP LAGUNEN  
Laguneveien 11  
5239 Rådal

Bergen, 13. desember 2018

Dykkar ref.:  
Sølvi Repål

Vår ref.(oppgi ved svar):  
2018/14041  
Sakshandsamar:  
Silje Tingstad

## Rapport etter inspeksjon ved Elkjøp Lagunen

Kontrollnummer: 2018.128.I.FMHO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Sølvi Repål

*Frå Fylkesmannen i Hordaland:*  
Silje Tingstad  
Diana Eidem

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultat frå inspeksjon ved Elkjøp Lagunen 20. november 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland fann ingen avvik under inspeksjonen. Tilsynet er avslutta, og det er ikkje nødvendig å sende tilbakemelding til Fylkesmannen.

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad  
overingeniør

Diana Eidem  
overingeniør

Kopi til: Bergen kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

## Ansvarleg eining

|   |                             |
|---|-----------------------------|
| <b>Namn:</b> Elkjøp Lagunen   |                             |
| <b>Organisasjonsnr.:</b> 974 498 904  | <b>Eies av:</b> 947 054 600 |
| <b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 47.540 - Butikkhandel med elektriske husholdningsapparater |                             |

## Kontrollert eining

|  |                                 |
|--|---------------------------------|
| <b>Namn:</b> Elkjøp Lagunen                | <b>Anleggsnr.:</b> 1201.0055.02 |
| <b>Kommune:</b> Bergen                     | <b>Fylke:</b> Hordaland         |
| <b>Anleggsaktivitet:</b> Produktforhandler |                                 |
| <b>Løyve gitt:</b> -                       | <b>Sist endra:</b> -            |

# 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for EE-avfall hos forhandlarar.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

## Inspeksjonstema

Tema for aksjonen var forhandlars plikt til mottak, sortering og oppbevaring av EE-avfall, og plikta til å informere om dette.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

## Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre forhold:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknadar, kan også inngå her.

# 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekka ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser derfor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

## 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart sendt til verksemda i varsel om tilsyn 19. november 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Elkjøp Lagunen betale eit gebyr på kr 5 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarar til gebyrsats 5 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

## 6. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

## 7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## 8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova med underliggjande forskrifter
- avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt
- internkontrollforskrifta

## **9. Brosjyrar**

Faktaark M-116/2014 Når EE-produkt blir avfall

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M116/M116.pdf>

Faktaark M-297/2015 Gebyr ved kontroll

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M297/M297.pdf>